

Eksamen

25.11.2024

SAM3061 Samfunnsøkonomi 2



Se eksamenstips på baksiden i

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 5 timar. Del 1 skal leverast etter 2 timar. Del 2 skal leverast seinast etter 5 timar.
Hjelpemiddel	<p>På del 1 er berre skrivesaker og linjal tillatne. Det er ikkje tillate å bruke datamaskin. Det er heller ikkje tillate å ta med førebuingmateriellet eller notat frå førebuingdagen til del 1.</p> <p>På del 2 er alle hjelpemiddel tillatne, bortsett frå ope internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpemiddel under eksamen, har du ikkje lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre på er ikkje tillatne. Du kan ikkje bruke automatisk tekstgenerator som chatbot eller tilsvarande teknologi.</p>
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	<p>Vedlegg 1 – utdrag frå denne artikkelen: Stoltze, K., Myklebost, I. T. & Jonassen, A. de B. (2024, 15. april). <i>Skrekktall for boligmarkedet – snittpris på over 8 millioner</i>. NRK. https://www.nrk.no/stor-oslo/skrekktall-for-boligmarkedet-i-oslo--spar-hoye-boligpriser-i-hele-landet-1.16841213</p>
Informasjon om vurderinga	Sjå eksamensrettleiinga med vurderingskriterium til sentralt gitt skriftleg eksamen. Eksamensrettleiinga finn du på nettsidene til Utdanningsdirektoratet.

Del 1 – utan hjelpemiddel

Oppgåve 1

Frankrike vil innføre ei miljøavgift på såkalla fast fashion, det vil seie rimelege klede som ein i Noreg får kjøpt hos kleskjeder som Cubus, H&M, Bik Bok og liknande. I Frankrike vil ein leggje til 5 euro på prisen av plagget, og i 2030 vil ein auke denne avgifta til 10 euro per plagg. Hensikta er å redusere miljøutfordringar i samband med overproduksjonen av klede i klesindustrien. Professor ved SIFO Ingunn Grimstad Klepp meiner ei slik avgift kan vere gunstig i Noreg òg.

- Bruk teori og grafiske modellar og gjer greie for korleis ei slik miljøavgift kan verke inn på prisdanninga og åtferda til produsentar og forbrukarar på klesmarknaden.
- Gjer greie for kva andre verkemiddel enn miljøavgift som kan brukast for å oppnå redusert produksjon og redusert forbruk av klede eller andre miljøskadelege produkt.

Del 2 – med hjelpemiddel

Oppgåve 2

Ifølgje regjeringa.no er konkurranseevne eit mål på kor godt næringslivet i eit land kan hevde seg i konkurransen med utanlandske bedrifter. Det er fleire forhold som påverkar konkurranseevna til norske bedrifter.

- Ta utgangspunkt i dagens økonomiske situasjon og gjer greie for ulike forhold som påverkar konkurranseevna.

Oppgåve 3

Ifølgje vedlegg 1 på eksamensdagen, «Skrekktall for boligmarkedet – snittpris på over 8 millioner», vil bustadprisane i Oslo stige med over 30 prosent dei tre neste åra. Og det ser ikkje stort betre ut for resten av landet. Det er fleire faktorar som fører til den sterke prisveksten på bustader.

Føresett at det er fullkommen konkurranse på bustadmarknaden.

- Bruk teori og grafiske modellar og gjer greie for moglege årsaker til prisutviklinga på bustadmarknaden.

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 5 timer. Del 1 skal leveres etter 2 timer. Del 2 skal leveres senest etter 5 timer.
Hjelpemidler	På del 1 er bare skrivesaker og linjal tillatt. Det er ikke tillatt å bruke datamaskin. Det er heller ikke tillatt å ta med forberedelsesmateriellet eller notater fra forberedelsesdagen til del 1. På del 2 er alle hjelpemidler tillatt, bortsett fra åpent internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. Når du bruker nettbaserte hjelpemidler under eksamen, har du ikke lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måter å utveksle informasjon med andre på er ikke tillatt. Du kan ikke bruke automatisk tekstgenerator som chatbot eller tilsvarende teknologi.
Bruk av kilder	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal du alltid oppgi dem på en slik måte at leseren kan finne fram til dem. Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	Vedlegg 1 – utdrag fra denne artikkelen: Stoltze, K., Myklebost, I. T. & Jonassen, A. de B. (2024, 15. april). <i>Skrekktall for boligmarkedet – snittpris på over 8 millioner</i> . NRK. https://www.nrk.no/stor-oslo/skrekktall-for-boligmarkedet-i-oslo--spar-hoye-boligpriser-i-hele-landet-1.16841213
Informasjon om vurderingen	Se eksamensveiledningen med vurderingskriterier til sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamensveiledningen finner du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

Del 1 – uten hjelpemidler

Oppgave 1

Frankrike vil innføre en miljøavgift på såkalt fast fashion, det vil si rimelige klær som man i Norge får kjøpt hos kleskjeder som Cubus, H&M, Bik Bok og lignende. I Frankrike vil man legge til 5 euro på prisen av plagget, og i 2030 vil man øke denne avgiften til 10 euro per plagg. Hensikten er å redusere miljøutfordringer i forbindelse med klesindustriens overproduksjon av klær. Professor ved SIFO Ingunn Grimstad Klepp mener en slik avgift kan være gunstig også i Norge.

- Bruk teori og grafiske modeller og gjør rede for hvordan en slik miljøavgift kan virke inn på prisdannelsen og atferden til produsenter og forbrukere på klesmarkedet.
- Gjør rede for hvilke andre virkemidler enn miljøavgift som kan brukes for å oppnå redusert produksjon og redusert forbruk av klær eller andre miljøskadelige produkter.

Del 2 – med hjelpemidler

Oppgave 2

Ifølge regjeringen.no er konkurranseevne et mål på hvor godt et lands næringsliv kan hevde seg i konkurransen med utenlandske bedrifter. Det er flere forhold som påvirker norske bedrifters konkurranseevne.

- Ta utgangspunkt i dagens økonomiske situasjon og gjør rede for ulike forhold som påvirker konkurranseevnen.

Oppgave 3

Ifølge vedlegg 1 på eksamensdagen, «Skrekktall for bolig-markedet - snittpris på over 8 millioner», vil boligprisene i Oslo stige med over 30 prosent de tre neste årene. Og det ser ikke stort bedre ut for resten av landet. Det er flere faktorer som fører til den sterke prisveksten på boliger.

Forutsett at det er fullkommen konkurranse på boligmarkedet.

- Bruk teori og grafiske modeller og gjør rede for mulige årsaker til prisutviklingen på boligmarkedet.

Skrekktall for boligmarkedet – snittpris på over 8 millioner

Boligprisene i Oslo vil stige med over 30 prosent de neste tre årene, om prognosene i en fersk rapport slår til. Og det ser ikke bedre ut for resten av landet.



Kaspara Stoltze, Journalist

Ida Theresa Myklebost, Journalist, Andreas de

Brito Jonassen, Journalist. Publisert 12. apr. kl.

09:45 Oppdatert 15. apr. kl. 08:40

FOTO: VEGARD GRØTT / NTB SCANPIX

DYRT: Prognosen fra analytikerne er klar. Prisanslagene du ser i slike vinduer vil vokse de neste årene.

En fersk rapport spår harde kår for de som ønsker seg inn på boligmarkedet. Spesielt for de som kunne tenke seg et hjem i hovedstaden. Der kan et vanlig hjem koste tolv ganger gjennomsnittslønna om tre år. De lite lystige spådommene kommer fra Samfunnsøkonomisk Analyse sin seneste konjunkturrapport. [...]

Bolig blir 30 prosent dyrere på tre år

Kort oppsummert er prognosen fra Samfunnsøkonomisk Analyse høyere boligpriser, både på landsbasis og i byene. For hele landet venter de at boligprisene vil stige med drøyt 3 prosent i år, deretter 7 prosent hvert år frem mot 2027.


I de større byene tror de prisene stiger mer:

For Bergen, Trondheim, Kristiansand og Tromsø spås det prisstigning på 25–26 prosent fra i dag til 2027. Men Oslo troner på toppen. Der er det ventet at boligene blir 8–10 prosent dyrere hvert år fra 2025 til 2027. Det betyr at Oslo-boligene i gjennomsnitt vil være 33 prosent dyrere om tre år.

Ventet boligprisvekst i de større byene



Grafen viser prisstigning i prosent



[...]

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke til!

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt hvis du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke til!